

Høyringsuttale frå Lesja kyrkjelege råd, Nord-Gudbrandsdal prosti, Hamar bispedømme

Høringsnotat 2. september 2014 – Staten og Den norske kyrkje – et tydelig skille

Lesja kyrkjelege råd stiller seg i store trekk bak Hamar bispedømmeråd og KA si høyringsuttale, og støtter i hovudsak innhaldet og intensjonane til Kulturdepartementet sitt høyringsnotat.

Lesja kyrkjelege råd er spesielt oppteke av soknet si stilling, og er nøgd med at høyringsnotatet vektlegg at soknet si rettslege sjølvstende skal vidareførast. Vi håpar vidare at kyrkjeordninga bør utviklast i retning av større myndigheitsoverføring til sokna.

Lesja kyrkjelege råd stiller seg bak KA sitt forslag til nytt tredje ledd i § 22 og § 34, som skal sikre at kvart sokn har ein prest og at soknet sitt organ skal ha rett til å medverke ved tilsetting av prest i eige sokn.

Lesja kyrkjelege råd har ved tidlegare høyringar sagt at dei på sikt ynskjer ei arbeidsgjevarline (på bispedømmenivå), men med delegert arbeidsgjevaransvar til soknet sine organ for enkelte stillingar. Dvs. at kyrkjetenarar, diakonar, kantorar, kyrkjeverge m.fl. kan tilsetjast lokalt. Vi støtter derfor KA sitt punkt IV «Mulighet for lokale forsøk og annen oppgavefordeling» – der dei peikar på at høyringsnotatet legg opp til at Kirkemøtet/Kirkerådet ikkje kan delegere «lenger ut» enn til prosten.

Lesja kyrkjelege råd stiller seg kritisk til framlagt forslag til pensjonsspørsmålet, som inneber at heile pensjonsrisikoen blir overført til Den norske kyrkja, og at rammetilskottet til kyrkja ikkje i utgangspunktet blir korrigert på grunn av endringar i årlege pensjonskostnader. Vi støtter KA sitt forslag om at staten fullt ut skal garantere dekning av alle framtidige utgifter knytt til reguleringskostnader, og andre ikkje forsikringsbare ytingar for kyrkjeleg tilsette, for tida kyrkjeleg personell var tilsett i staten.

Lesja, den 14.11.2014
for Lesja kyrkjelege råd

Torunn Skotte Stavheim
kyrkjeverje